

Å r s m e l d i n g  
frå Oppland sau- og geitalslag 1952.

Oppland sau- og geitalslag lei siste året eit stort tap ved at sekretären fylkesagronom Ola T. Lyngstad døyde plutselig den 11. februar 1952. Fylkesagronom Lyngstad har gjennom alle arbeidsåra sine i Oppland vore ein oppglødd og ihuga forkjempar for småfehaldet og han har her lagt ned eit arbeid som har sett sterke merkjer etter seg. Vi lysar fred over fylkesagronoms Lyngstads minne.

Tilslutnaden til dei lokale sau- og geitalslaga i Oppland har vore god i 1952 og, men framgangen i medlemstal har ikkje vore som ein hadde vona. Einskilde lag har hatt sers stor framgang, men det er og lag vi ikkje har hört noko frå dette året. 7 lag har ikkje betalt årspengane for 1952 og kjem difor ikkje med i oversikta.

Talet på lag og medlemmer dei siste 3 åra har vore:

1950	33 lag	1077 medlemmer
1951	36 "	1537 "
1952	32 "	1560 "

Dette at einskilde lag ikkje har betala årspengane må ein vel del ha lov til å skulda på for lita interesse hjå dei som er valte i styret for laga.

Største lokallaget i Oppland er framleis Fåberg med 263 medlemmer. Det er ei auke på 21 medlemer frå året før. Skjåk kjem som ein god nr 2 med 226 medlemer. Vidare kan ein som dei største laga rekna opp: Ringeb 123, Fåvang 113, Ø. Gausdal 111, Vestre Gausdal 93 og Brandbu 79.

Det var i 1952 ei stigande interesse for småfeholdet i fylket. Ve småfesjåa hausten 1952 møtte det i alt 3353 dyr og det er langt meir en det har møtt noko tidlegare år i Oppland. Årsaken til dette store fram-møtet er ikkje minst skulda det store aggitasjons-arbeidet til fylkes-laget og dei lokale sau- og geitalslaga, for å få folk til å møte mann-jamt fram. På mange sjå ordna dei lokale sau- og geitalslaga med pokaler og ekstrapremi for dei beste dyra og dei beste samlingane.

Oppland sau- og geitalslag har og i år dela ut pokaler og ulldip-pomar ved småfesjåa.

Fylkoslaget holdt fram med kåring av lam ved statssjået i Sör-Gudbrandsdalen i år og. Det møtte på Stav 275 lam til kåring og av desse vart kåra 163.

Dessutan var det i år kåring av lam på statssjået på Otta. Det møtte her 56 lam, og av desse vart kåra 13 lam.

Utenom dette vart det i år pröva lammekåring og på ein del mindre sjå, både på bygdesjå og statsfylkessjå, i det domarane kåra lam som var med mora inne i domarringen.

Om kvelden fyrste utstillingsdagen på Stav ordna fylkeslaget saman med Tretten sau- og geitalslag eit foredrag- og ordskiftemøte. Foredrags haldare var statskonsulent Bell og heradsagronom Kvitrud.

Under dette møtet dela fylkeslaget ut ei minnegåve - ei sylvskei - til gjetaren Einar Horten, Losna for hans 20-årige virke som gjætar i Samtjönna gjætarlag.

Fleire lokallag har sett i gang klyppekontroll av utstillingsverane slik at dei fleste verane synte på statssjåa nå er kontrollklypte.

Gjennom fylkeslaget har det gjennom året vore sendt ut 30 fagar- tikler til lokalavisene. Dette er småe drypp som kjem nett i den rette tida, og som vi vonar skal vera til god nytte.

Fylkeslaget har gjennom året sendt lokallaga ei rekkje rundskriv om ymse saker og tiltak, og det er sendt flere henstillingar og oppmod- inger til Norsk sau- og geitalslag m.fl. Millom anna tok fylkeslaget opp spursmålet om å få oppretta ein forsöksgard for geit i Oppland og etter ei utlysning kom det inn over 30 tilbod om sal eller leige av gard med seter skikka til geitforsöksgard. Heile saka vart send over til lands- laget som har lagt ho fram for Landbruksdepartementet, men meir kva det blir til har ikkje fylkeslaget höyrt noko meir om. Av andre spursmål vi har skrive til landslaget om kan vi nemna reisekonsulent, fleire film- or cm geithaldet, oppretting av ullprøvestasjon, utarbeiding av standard- mål på saukasser, nye regler for tilskott til sau- og geitalslag o.s.b.

Ved Gudbrandsdalsutstillinga på Ringebu hadde fylkeslaget ein eige stand som synte regneskapsmateriell og særtrykk m.v. for sau og geithal- det. Vidare hadde fylkeslaget fått utarbeidd ei plansjo som synte ull, garn og bunding av ull av ulike kvalitetar. Fylkeslaget gav 2 pokaler til denne utstillinga. Ein til bestemann i ekstriördöming for sau og ein for geit.

Det har i året vori halde 4 styresmøter og eit møte i arbeidsut- valct. Det har vori handsama 50 ulike saker.

Brevboka fortel at det har kome inn 215 brev og vore sendt 812.

Prisane på ulla og saukjöttet sisto hausten var så låge at mange saualare vart vombrotne. Men desse låge prisane synar kor naudsynleg det er at småfealarane får godt utbygd sin eigen organisasjon - Norsk sau- og geitalslag - slik at han kan få meir å seia ved fastsettjinga av pri- sane og delinga av dei midler jordbruksnæringa skal få. Målet for 1953

må difor vera å få auka medlemstalet i dei laga som er i gang, få skipa nye lag i dei strök det vantar og få vekt til live att dei laga som har sovna inn.

Til slutt vil vi få sonda vår beste takk til Norsk sau- og geit- alslag, til dei lokale sau- og geitalslaga, til pressa i Oppland og elles til alle dei vi har kome i kontakt med, for godt samarbeid og god støtte i året som gjekk.

Gjövik den 16/1 1953.

Per Haugen  
(formann)

Maalfrid Glad  
(varaformann)

Einar Horberg

Jens M. Alm

Ola Grihamar

*Even Haugen*

Even Haugen

sekre.